

# Dronning Sonjas skulepris 2017 – juryens grunngjeving

**Prisvinnar:** Firda vidaregåande skule, Sogn og Fjordane

*Dronning Sonjas skulepris skal kvart år tildelast ein skule som:*

- *arbeider langsiktig, systematisk og kunnskapsbasert med elevane sitt læringsmiljø*
- *praktiserer likeverd og inkludering på ein slik måte at kvar enkelt elev opplever å verte verdsett i eit miljø prega av medverknad, tryggleik og fellesskap*
- *vert kjenneteikna ved positive relasjonar mellom elevane og dei tilsette, og elevane imellom - og ved eit godt samarbeid mellom skule og heim.*

*Likeverd tyder at alle elevar skal få oppleve at dei møtest på ein likestilt og verdig måte. Inkludering som er eit vidare omgrep enn integrering, tyder at alle skal oppleve at dei er anerkjende deltakarar i skulefellesskapen.*

**Årets prisvinnar** er ein verdig vinnar av Dronning Sonjas skulepris for likeverd og inkludering. Firda vidaregåande skule skil seg ut med ei gjennomtenkt tilnærming til inkludering og relasjonsbygging gjennom sitt langvarige arbeid for å sjå heilskapen rundt elevane. Firda vgs er "meir enn ein skule" og ser elevane sin kvardag i ein større samanheng, ikkje minst gjennom tilbodet om "open skule", eit sosialt nav for elevane, men òg gjennom huskonsertar og hybelkurs. Skulen arbeider for dialog som ein grunnleggjande verdi i alt dei gjer, nyttar systematiske skulevurderingar i lag med elevar og skuleeigar, og skil seg ut ved sitt samarbeid med fylket, kommunen og lokalmiljøet.

**Firda vgs** har 378 elevplassar og 70 tilsette. Skulen tilbyr utdanningsprogramma musikk, dans, drama, idrett og studieførebuande, og

har innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar. Over 50 prosent av elevane ved skulen er hybelbuarar, og i år er alle dei 26 kommunane i fylket representerte.

Juryen vil også framheve "Gloppen-modellen", eit utdanningstilbod i helsefag til vaksne, minoritetsspråklege som Firda vgs har utvikla i lag med NAV, Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Utdanninga fremjar språkopplæring, integrering og meistring gjennom praksis, og har vorte "ein naturleg del av skulebiletet". Tilbodet er svært godt motteke og startar opp på nytt hausten 2017, no også med ei line for tannhelsesekretær.

Juryen vil trekkje fram skulens arbeid med ungdomsbedrifter med vekt på sosial entreprenørskap og aktivitetar for ungdom med nedsett funksjonsevne. Ungdomsbedrifter og "open hall" er også eit populært tilbod der ungdomsskuleelevar møter vidaregåande elevar.

Juryen vil framheve innsatsen med å utvikle eit nytt klima- og miljøfag, som skal ruste elevane til å møte det grønne skiftet, og som er eit pionerarbeid i Noreg.

**Elevane på Firda vgs** fortel at dei har eit eige forhold til skulen, som igjen tyder at det er heilskapen som er varemerket for skulen. Her trivst både elevar og lærarar, dei blir sett og litt "omfamna", som rektor seier det. Skuleleiinga syner at dei har klare visjonar om danning, kritisk refleksjon og inkludering, at dei legg vekt på konkrete tiltak - og det har gjeve resultat.

Samarbeidet med heimen er viktig for Firda vgs, eit samarbeid prega av eit mangfald av kulturarrangement og jamlege møteplassar. Elevmedverknad er grunnleggjande på skulen, og eit sterkt elevråd har ei sentral rolle i skuledemokratiet, ikkje minst gjennom deltaking i skulevurderingane, skulemiljøutvalet og folkehelsegruppa.

For Firda vgs er skulen meir enn ein læreplass. Han er ein plass å vere.

På vegner av juryen  
Inga Bostad (leiar)